

**VOSS JORDBRUKSSKULE**

HORDALAND FYLKESKOMMUNE
ØKONOMIAVDELINGA – EIGEDOMSSEKSJONEN
V/ BJARTE MOLVIK
POSTBOKS 7900
5020 BERGEN

Vår ref.: 2015/ 056/STS

Dykkar ref. 2014/577-36

Skulestadmo: 17.02.2015

SØKNAD VEDK MIDLAR TIL OPPRUSTING AV FYLKESKOMMUNALE GARDSBRUK 2015

Viser til brev frå dykk av 26.01.2015 vedk søknad om midlar til opprustning av fylkeskommunale gardsbruk 2013

Etter synfaring og møte med avdelingsleiar for skulegarden Harald Skjoldli og fagansvarleg for husdyr og plantefagavdelinga ; fremjar eg fylgjande prioriterte tiltak frå Voss jordbruksskule:

Prioritering av utstyr for 2015 :

PRI	UTSTYR	KOSTNAD
1	Skiveslåmaskin u/stengelknusar	Kr. 70.000.-
2	Samlerive for gras	Kr. 50.000.-
3	Liten traktor ca . 50 HK m/frontlastarmontasje	Kr. 350.000.-
4	Truck	Kr. 100.000.-
5	Tømmerhengar m/ joystick	Kr. 150.000.-
6	Slåmaskin; tohjuls	Kr. 150.000.-
7	Såmaskin	Kr. 55.000.-
8	Fliskuttar	Kr. 150.000.-
9	S-tindharv	Kr. 30.000.-
10	Kunstgjødselspreiar	Kr. 50.000.-
11	Snøfres; to-trinns	Kr. 60.000.-
12	ATV	Kr. 150.00.-
13	Utbetringar på skulen sine stølar	Kr. 80.000.-
	Totalt:	Kr. 1.130.000

Grunngjeving for prioriteringa:

1. Prioritet 1 og 2 heng saman. Me ynskjer å prioritera 'graslinja' vår med utstyr som elevar kan handtera og bruka i den praktiske opplæringa. Skiveslåmaskin utan stengelknusar krev at me har samlerive. Pr. i dag leiger me slåtteutstyr og dette er ikkje noko god framtidig løysing.

2. Den eldste av våre små traktorar har fått køyrestopp av HVO og er teken ut frå både undervisning og drift. Reperasjonskostnader er vurdert, men dette er ikkje god løysing på sik Liten traktor (ca.50hk) trengs for å manøvrera på små flater i stall og ridehall. Liten traktor er også nødvendig i samband med radkulturar og potetdyrking. I samband med lærekøyring for nybyrjarar på traktor har me lenge sakna ein liten traktor med to sete og moderne dagsaktuelle opplæringskvalitetar.

- 3 Truck er nødvendig for å få full utnytting av det nye reiskapslageret og kjølerommet. I reiskapshallen treng me truck til å flytta reiskap og driftsmidlar som står på pall tett saman for å nytta ut plassen godt. I kjølerommet trengs truck til å stabla lagringsvarer i høgda. Rommet er tilpassa 3 storkasser i høgda

Med helsing

Voss jordbruksskule

Svein Inge Styve
Rektor

**Kopi: Harald Skjoldli; avd gard
Svein Inge Kolve; ass rektor**